



Vår sakshandsamar  
May Britt Jensen

1 av 10

Vår dato  
11.04.2022

Vår referanse  
22/00059-1

Til  
kommunestyret i Utsira og alle andre interesserte

# Årsmelding Utsira kommune 2021

*Rekneskap og årsberetning er grunnlag for og vedlegg til denne kortfatta årsmeldinga  
Rapport om internkontroll kjem i eiga sak*

Innhald:

1. Samandrag årsmelding Utsira kommune 2021 – med utvalde merkesteinar og utfordringar
2. Oppfølging og avvik frå planstrategi
3. Oppfølging visjon og verdiar
4. Oppfølging av overordna mål i samfunnsdelen av kommuneplanen
  - Overbyggjande mål
  - Andre framheva mål i samfunnsdelen
5. Oppfølging og avvik få økonomiplanen 2021-2024
6. Oppfølging mål, strategiar og tiltak i delplanar, temaplanar
7. Kommunen som organisasjon
  - Beredskap inkl Covid
  - Likestilling
  - Sjukefråvær og arbeidsmiljø
  - Internkontroll
  - Rekruttering
  - FoU og studentsamanbeid
  - Kulturlandskap
  - Milepælar teknisk drift
  - Milepælar skule- og barnehage
  - Milepælar helse- og omsorg
8. Rekneskaps- og budsjettarbeid 2021
9. Sjå framover! Kva blir viktig ?

Teikn og fargekodar:

😊: dette kan me gle oss over **Grøn Skrift**: Viktig og godt **Raud Skrift**: dette må me jobbe hardt vidare med

## Årsmelding 2021

2 av 10

Vår dato

25.04.2022

Vår referanse

22/00059-1

## 1. Samandrag årsmelding Utsira kommune 2021

### - med utvalde merkesteinar og utfordringar

#### Generelt om Utsira kommune året 2021

Trass i pandemi elles i landet og verda, bytte av fleire kommunale leiarar og stillstand i folketalsutviklinga, har dette året for dei aller fleste, vore eit godt år å leve og arbeide på Utsira. Covid-tiltak har avgrensa sosial kontakt og lokale kultur- og idrettsarrangement ein god del, men mindre merkbart her enn mange andre stader. Utsira har fått mykje positiv mediemarksemeld fordi me har takla pandemien svært godt og halde smitten unna lengst av alle kommunar i landet.

2021 har vore eit godt år å arbeide i Utsira kommune med nye kollegaer, lite sjukefråvær og gode resultat for kommuneøkonomien.

Utsira Nord i våre farvatn er nasjonal pilot for flytande havvind. Det har gitt samfunnet vårt og kommunen Utsira mykje merksemeld og mange besøk av nasjonale og internasjonale selskap som vil satse på rein energiproduksjon til sjøs.

2021 har også vore eit særskilt godt år å besøkje Utsira; sommaren gav rekordar for reisande hit til den verslipte, vakre øya vår.

#### Utvalde positive merkesteinar for Utsira 2021:

**Økonomi :** 9 % driftsmargin, 8% auka skatteinngang og alle måltal «grøne» utanom gjeldsgrad

**Pandemi:** Nasjonal smitteberedskap virka på Utsira – ingen smitta før årsskiftet !

**Rekruttering:** Generelt god søknad og gode nytilsette i alle ledige stillingar på alle nivå

**Kulturlandskap:** Heile Utsira øy vart i 2021 Utvald landbrukskapt kulturlandskap

**Bygg og anlegg:** Nyanlegg utan låneopptak verd nesten 4 mill til skuletak, asfaltering mm.

#### Utvalde utfordringar for vidare arbeid :

**Barne- og folketal:** Ingen ungar fødde eller flytta inn i 2021, folketalet gjekk samla ned

**Arbeidsplassar:** På tross av stor innsats, knapt nokon private arbeidsplassar skapt i 2021

**Sak 360:** Sakshandsamingssystemet vårt er eit godt og viktig verktøy som må me nytta betre

**Revidere kommunale planar:** arbeid med forenkling og fornying av samla planverk må prioriterast

**Trivsel for alle:** Utsira som «ein god stad å leve godt heile livet for alle» skal styrkast

## 2. Oppfølging og avvik frå planstrategi

Generelt og relativt sett i forhold til storleik, har Utsira eit godt planverk 😊. Det er likevel behov for vidare forenkling ved å få talet på delplanar og sektorplanar ned gjennom

- så mykje som mogleg av kommunale mål og strategiar for alle sektorar inn i samfunnssdelen i kommuneplanen
- alt av større utviklingsgrep og vesentlege tiltak i alle sektorar inn i samla økonomiplan/handlingsprogram

Revisjon av kommuneplanen med samfunnssdel og arealdel, har stansa opp av kapasitetsmessige grunnar. Begge dokumenta er gode og gjev rikeleg rom for vidare utbygging og utvikling av kommunen. Dette avviket er difor ikkje problematisk for utviklinga av kommunen på kort sikt. Kommunedirektøren vil i det vidare leggje stor vekt på revisjon av plansystemet i form av forenkling og samanføyning av ulike planar. Arealdelen fungerer godt slik den er. Om det trengs, kan me bruke høvet til å gje dispensasjonar til næringstiltak som gjev nye arbeidsplassar. Slike tiltak er ikkje lett å føresjå i tid og få inn i vanlege planprosessar uansett. Energitiltak er dessutan styrd gjennom energilova og ikkje av kommunen gjennom plan- og bygningslova.

Meir detaljerte avvik frå planstrategi og ny prioritering av planarbeid blir tatt opp i eiga sak ved justering av planstrategien samordna med økonomiplanarbeidet for 2024.

## 3. Oppfølging visjon og verdiar

### Etterlever me visjonen: «Utsira gir energi!»?

Som ny kommunedirektør opplever eg at visjonen om **å gje energi** er godt integrert og godt likt i kommuneorganisasjonen 😊. For å vera ein levande og stø visjon å strekke oss etter, må den dessutan brukast, utfordrast og forsvarast jamt.

Når det gjeld å nytte geografien vår til **å gje energi til verda**, er me aktive gjennom arbeid for vindkraft både til lands og i sjø. Ordførar og administrasjon har i 2021 brukt høvet den nasjonale satsinga på flytande havvind på Utsira Nord-feltet til å få merksemd om Utsira kommune og moglegheitene våre i dette 😊. Me har oppretta kontakt med og hatt besøk av mange potensielle vinkraftkonsesjonssøkjarar. Me har og gitt uttalar om og fått gehør på nasjonalt nivå for at utvikling av flytande havvind må gje lokale positive ringverknader også på Utsira øy. Me har bidradd i debatten om fortgang i utviklinga av havvind, ved å foreslå statleg forskottering av utgreiing av konsekvensar parallelt med konsesjonssøknader etter dansk modell for å spare tid og få til betre samordning av utbyggingsaktørane. Me har og styrka samarbeidet i Haugaland Vekst innan havvindsatsing.

Kommunestyret har oppmoda NVE om å gjenoppta ta Solvind as sin søknad om oppgradering av etablerte vindmøller på land. Så langt (april 2022) er det berre to andre kommunar i landet som har

## Årsmelding 2021

4 av 10

Vår dato

25.04.2022

Vår referanse

22/00059-1

kome med slik oppmoding. Å halde fram med vindkraftproduksjon på land er ein viktig del av straumforsyningssikkerheita på øya vår.

Når det gjeld **å gje kvarandre energi**, er dette ikkje lett å måle. Me vil likevel nemne

- folketalet gjekk ned, me me kan gle oss over «ein god del heilt nye» sirabuar i 2021
- god trivsel og jamt god tenesteproduksjon i alle ledd i kommuneorganisasjonen 😊
- nye leiarar og nye kollegaer er blitt tatt godt i mot og er godt i gang i teneste for Utsira
- Utsira-samfunnet stod svært godt saman i pandemien 😊
- Utsette Sira-dagar vart gjennomført med godt smitteregime i september 2021, fantastisk vær og mange tilreisande
- Utsira-samfunnet har tatt i mot rekord-mange gjester i 2021 😊, både som kommune og samfunn – deltidsinnbyggjarar, turistar som ikkje har vore her før, mange næringslivsgrupper med interesser innan havvind og anna energinæring, grupper frå universitet, andre kommunar, «fugle-folk», vene og familie. Mykje gode tilbakemeldingar om at me «**Utsira gir energi !**» tar me med oss og hentar energi frå til vidare innsats.

#### Etterlever me dei utvalde verdiane våre ? : «Humor, raushet og driftighet»

Den subjektive «dommen» min etter eit år i rolla som kommunedirektør er:

Har me humor - **ja !**

Er me rause – **ja, men me kan bli enno rausare mot kvarandre.**

Er me driftige – **tja?**

Kommuneorganisasjonen skal halde fram med å etterleve og utvikle verdiane **humor og rausheit** i rollar som tenesteytar, arbeidsgjevar og samfunnsutviklar. Det er dei viktigaste verdiane me møter potensielle og faste innbyggjarar, nye kollegaer og alle gjester med. For at desse verdiane også skal kjenneteikne samfunnet vårt, treng me at mange vil og drar i lag. Det er tungt å bygge opp, lett å rive ned.

Me bør jobbe vidare med å gje verdien **driftig**, eit godt lokalt innhald innanfor gjeldande reglar, smådriftsfordelar og dei høve havvindsatsinga, akvakultur, natur- og kulturbasert reiseliv og andre gamle og nye moglegheiter gjev oss. Formuleringa i overordna plan om at **«alle skal vera til nytte, men ingen skal utnyttast»** er gullgod og må brukast vidare i utviklinga av både samfunnet og kommuneorganisasjonen.

## 4. Oppfølging av overordna mål i samfunnsdelen av kommuneplanen

### Overbyggjande mål:

1. Gjere klimavenlege val for å nå visjon om eit berekraftig 0-utsleppssamfunn
2. Skal vera ein attraktiv kommune med folkevekst og næringsmessig vekst

## Årsmelding 2021

5 av 10

Vår dato

25.04.2022

Vår referanse

22/00059-1

Det er **langt att**. Mykje arbeid og mange kloke avgjelder må til for å nå desse måla for Utsira. Men det går i rett retning. Utsira har fleire høve til å utvikle meir lokal næring no enn på lang tid. Stikkord er havvind med trafo, servicebase og følgjeforskning, akvakultur, utvald jordbrukskapt kulturlandskap, mikrogridsamarbeid med Haugaland Kraft og reiseliv. Når det gjeld berekraft og nullutslepps-visjon har det i løpet av 2021 skjedd eit grønt taktskifte i verda og på Haugalandet som også vil bidra til at Utsira nærmar seg klimamålet me har hatt i lang tid om nullutslepp.

**Andre framheva mål i samfunnsdelen****5.3 Regional forankring – Utsira skal framstå som den maritime energikommunen**

😊 Stort fokus på Utsira Nord i 2021 både nasjonalt og regionalt. Fornya og styrka samarbeid med Haugaland Vekst har styrka omdømmet vårt innan maritim energiproduksjon

**6. Kommunen som samfunn – framleis aktuelle handlingstiltak 2012-2022**

- Handlingsplan for berekraftig utvikling av **folketalet** på kort og lang sikt
- Konkrete **marknadsføringspakkar** mot potensielle nye innbyggjargrupper
- Nok ressursar til at kommunen heng med i den **teknologiske utviklinga**
- Kommunen må vera aktiv for å sikre kommunen **gode økonomiske rammer** ( inntektssystem og samarbeid)

**7. Bustadbygging**

Å gje enklare tilgang til tomtar for bustad og næring, er eit uttrykt mål i samfunnsdelen. Dette er gjort på ein god måte i gjeldande arealdel til kommuneplanen 😊, men det er **svært få private initiativ** innan bustad og næringsbygg. Kommunen kan bli meir aktiv utbyggjar og tilretteleggjar, men dette er kostbart og vil utfordre kommuneøkonomien om me ikkje treff godt behovet hos kjøparar og leigarar. **Den bustadpolitiske strategien vår må finpussast, vidareutviklast og tilpassast kommunal økonomi og lokal marknad for heil- og deltidsbustader.**

**8.Transport**

😊 Målet om å drive ein effektiv og sikker transport av passasjerar, bilar og gods til fastlandet og arbeide for auka rutefrekvens i perioden, er oppfylt. Handlingstiltak om heilårsruteplan og avklaring av ferjeleielokalisering fastland er også gjennomført.

**9. Næringsliv**

Det uttrykte målet i samfunnsdelen av kommuneplanen er at «*Utsira er mulighetenes øy – en attraktiv kommune å både etablere og drive virksomhet i*». Dette er **ikkje realitet i dag**, men med havvindsatsinga kan det vera innan rekkevidde 😊. Dei aller fleste handlingstiltak i samfunnsdelen under næringsliv blir arbeidd godt med – det er likevel **ingen nye arbeidsplassar** etablert her i 2021. Så me må finne nye måtar å arbeide på å få arbeidsplassar og positive ringverknader lokalt. Parallelt må me arbeide vidare for å få arbeidsstadsuavhengige personar til å kjøpe, bygge og flytte til øya. Dei må gjerne ta med seg arbeidsplassen sin.

**9.1 Kulturbasert næring**

Samfunnsdelen uttrykkjer eit mål om å finne balanse mellom bruk og vern. Det inkluderer både natur- og kulturminnevern. Utsira greier denne balansen godt. Det er og blir gjort ein stor innsats for å formidle desse verdiane i barnehage, skule og til besøkjande gjester. Det eksisterande reiselivet

## Årsmelding 2021

6 av 10

Vår dato

25.04.2022

Vår referanse

22/00059-1

ville ikkje kunne fungert utan desse lokale verdiane som blir formidla gjennom guiding, appar, skilt og skriftlege tekstar 😊. I 2021 kjøpte ein anerkjent kunstnar bustad på Utsira og flytta hit 😊. Me vil arbeide for at fleire som driv sin eigen kulturbaserte arbeidsplass, skal flytte hit og skape vidare her.

## 5. Oppfølging og avvik frå økonomiplanen 2021-2024

Viktige ikkje gjennomførte tiltak

- midlar til lærling vart ikkje tatt i bruk i 2021, men skulen/barnehagen har fått formell godkjenning til å vera lærlingbedrift for barne- og ungdomsarbeidar

## 6. Oppfølging mål, strategiar og tiltak i delplanar

Utsira kommune gjev eit godt tenestetilbod på alle lovpålagde områder. Det er imponerande i seg sjølv ut frå kor små og få me er både i innbyggjartal og kommunalt tilsette.

Me har for mange og til dels for ambisiøse planar, men ny kommunedirektør har ikkje registrert alvorlege avvik utanom **den store utfordringa Å BLI FLEIRE SIRABUAR.....**

I arbeidet med økonomiplan skal me også revidere planstrategien og legge vekt på å slå saman, forenkle og setje realistiske mål.

## 7. Kommunen som organisasjon

Kommuneorganisasjonen er godt samansett og samarbeider godt når det må til. Det er ein gunstig blanding no med svært erfarne folk og ein god del nye. 😊

### - Beredskap inkl Covid

Nasjonal koronapolitikk verkar svært godt på Utsira – me sto i mot – med sprit og avstand - i 2 år. (Og tok den milde varianten i fullvaksinert flokk på nyåret 2022 utan reduksjon i kommunale tenester)

Me kan alle takke kvarandre – men ei ekstra takk 😊 til helsesjukepleiar, helse- og omsorgssjef og beredskapskoordinator! Beredskapsplanen er oppdatert og me har gjennom Covid fått ei god øving i pandemikrise.

### - Likestilling

Samla sett er det god fordeling mellom kvinner og menn tilsett i Utsira kommune. Det er og ein relativt god fordeling ut frå ande omsyn som likestillings- og diskrimineringslova skal ivareta. Det er ikkje avdekt store skilnader på løn for likt arbeid, men me må arbeide vidare med å få alle som vil opp i full eller tilnærma full stilling. Det må vidare likevel leggjast vekt på å få ein god balanse og auka mangfold i helse- og omsorg og i barnehagen. I skulen og administrasjonen elles – og på leiarnivå – er me nøgde med fordelinga slik den er. Det er naturleg at den varierer litt ut frå at me er så få, men målet er ein god mix av menn, kvinner, alder mm i alle einingar.

## Årsmelding 2021

7 av 10

Vår dato	Vår referanse
25.04.2022	22/00059-1

### - Sjukefråvær og arbeidsmiljø

Det har vore svært lågt sjukefråvær samla sett i 2021 og målt etter refusjonar for lengre fråvær er det nesten halvert frå året før. Det er naturleg at tala varierer sterkt frå år til år sidan me er så få. Den nye kommunedirektøren har møtt eit godt arbeidsmiljø med open tone og omsorg for kvarandre kombinert med ein sterk pågangsvilje for å gjere alt til beste for Utsira og Sirabuen. Innan skule og barnehage har den nye oppvekstsjefen bidratt godt til eit enno betre arbeidsmiljø. I helse- og omsorg vart viktig arbeid med årsturnus starta opp i 2021. Me ser allereie gode resultat av det, sjølv om turnusprosessen vart litt turbulent. Faste månadlege møter mellom kommunedirektør/tillitsvalde er etablert og har vore svært nyttige.

### - Internkontroll (*kommuneloven § 20*)

Kommunedirektøren vil kome tilbake med ein særskild sak om internkontroll. Reglement vil byggje på ei forenkling av det me allereie har av HMS-system.

### - Nyrekutterting

**Rekrutteringa har gått godt i 2021**, med gode søkerar å velje blant. I 2021 har me tilsett i faste stillingar sjukepleiar/vernepleiar, helse- og omsorgssjef, fagarbeidar teknisk, rektor/oppvekstsjef, lærar, kommunedirektør og i engasjement næringsutviklar. Mange har starta opp i løpet av 2021, og var godt i gang før årsskiftet. Ny næringsutviklar og helse- og omsorgssjef starta opp på nyåret 2022.

### - FOU og studentsamarbeid

I 2021 har me vore særleg aktive og imøtekommande ovafor forskings- og studiemiljø. Mange vender seg til oss som den minste kommunen i Noreg og som avgrensar øysamfunn som er ideelt å studere i mange fagdisiplinar. Dette er ein av våre fortrinn som me må nytte godt. Universitetet i Stavanger har hatt oss som praksisplass for ein masterstudent i endringsleiring. To kull av masterstudentar innan energi, miljø og berekraft på UiS har vore på utferd til «Campus Utsira». Dette skal bli eit fast samarbeid som gjev betra rekruttering, godt omdømme, nye impulsar, nesten «gratis» arbeidskraft og eit nettverk me har nytte av. Me arbeider også for å kunne ta i mot praksisstudentar innan helse og skule og utvikle samarbeid med Høgskulen på Vestlandet.

### - Kulturlandskap

Heile landarealet i Utsira kommune vart i 2021 både UKL og KULA område; **Utvald landbrukskapt kulturlandskap og verdifullt kulturlandskap i eit nasjonalt kulturminneperspektiv**. Begge desse utmerkingane gjev økonomiske og faglege stimuli til landbruk og reiseliv med meir og eit stort bidrag Utsira sitt omdømme om me skjøttar verdiane i landskapet vel.

### - Milepælar teknisk drift

Nytt tak skulen

Asfaltering

Reperasjon etter uværet Frank – og økonomisk støtte frå statsforvaltaren til det It-sikkerheit styrka

## Årsmelding 2021

8 av 10

Vår dato

25.04.2022

Vår referanse

22/00059-1

- **Milepælar helse og omsorg**

First-responder ordninga utvikla i samarbeid med brannvesen, AKM og luftambulansen

Me handterte Covid forbilledleg

Sjukepleiar, vernepleiar og ny helse og omsorgssjef tilsett - god sykepleiedekning!

Årturnus-arbeid sett i gong

Godt arbeid med å få auka opp mot fulltidsstillingar til alle som vil

Full fastleggedekning

God kapasitet i alle tilbod

- **Milepælar skule- og barnehage**

Ny rektor/oppvekstsjef godt på plass med nyttig overlapping

God framdrift på vidareutdanning for lærarar

Delt skule i nøkkelfag er oppretthalden innan for budsjettetramma

Bibliotek, skule og barnehage sin lojale innsats i Covidarbeidet har vore krevjande og viktig

Arbeidsverkstad om Fn sine bærekraftmål godt gjennomført med elevar og lokalpolitikarar 16.sept

Fantastisk kjekk dugnad med born og foreldre for å skifte lekesand 30. august

## 8. Rekneskaps- og budsjettarbeid 2021

Regnskap og budsjett er lagt fram og vedtatt innan gjeldande fristar.

Det er gjennomført generell **omtaksering** av skattegrunnlag for **eigedomsskatt**. Ein klage på eigedomsskatt er behandla i 2021. To står att, der den eine er av prinsipiell karakter på nasjonalt nivå. Prosessen trekkjer ut i tid og det er bokført budsjettoverskridingar i 2021 for innleigd advokatbistand. Det er ikkje store skatteinbølp, sjølv med ugunstig utfall.

Bankavtale er lyst ut i 2021, med avgjerd tidleg 2022 om å halde fram med **Sparebank 1 Rogaland**.

Kommunen har i 2021 blitt deleigar i **Rogaland Revisjon IKS**. Dei gjennomfører revisjon for rekneskapsåret 2021 og ein god del administrative ressursar har går med til endringar frå tidlegare revisor Deloitte.

Det er lagt pengar i fornying av **fakturasystem** og aksesspunkt for sending av rekningar. Dette betyr at vi er ajour med «Faktura 2.0». **Digitalt turnusprogram**, Visma Flyt ressursstyring, er tatt i bruk etter ein tyngre omleggingsprosess.

Sending av lønsslippar skjer no i stor grad digitalt, men utan at me har digitalt personalsystem med app for tilsette. Trøbbel med sendingar skapte misnøye hos einskilde i vår. På sikt må me ta ein større investering og løfta **lønns – og personalsistema** våre ytterlegare.

Kontrollutvalget har gjennomført **forvaltningsrevisjon** med fokus Prosjektstyring, leverandør- og kontraktsoppfølging. Administrasjonen følger opp med frist august 22.

## Årsmelding 2021

9 av 10

Vår dato

25.04.2022

Vår referanse

22/00059-1

Forhold som er viktige for den økonomiske utviklinga i kommunen:

*Kort sikt:* halde budsjett, skaffe eksterne midlar til det me skal gjera uansett

*Lang sikt:* auke arbeidsplassar, skatteinngang og innbyggjartal, arbeide for inntekter gjennom etablering av akvakultur og havvind, ikkje ta opp meir lån enn me kan tote godt, spare midlar på disposisjonsfond til bruk når nokon av våre innbyggjarar verkeleg treng kostbare tenester

Vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjett og årsrekneskap

Avvik er grundig kommentert og vist i rekneskap med årsberetning frå økonomisjefen. Dei avvika som er viktige å merke seg for vidare drift er :

- Netto driftsresultat er på 4,3 mill. Dette er nest best resultat sidan 2011, med berre 2018 over. Me kunne brukt meir pengar i 2021 til å auka planrevisjonskapasitet og å planlegge ombygging av Siratun. Men det er også svært viktig å nytte og utvikle faste personellressursar og å setje av økonomiske midlar slik at me dempar lånebehov. Rekruttering, samarbeid om gode daglege tenestetilbod og næringsutvikling har vore prioritert i 2022.
- Budsjett for helse- og omsorg er justert opp med ca 0,5 mill for å dekke inn endringar med first responder og tilsetjingar av sjukepleiar/vernepleiar. Varig nivå må vurderast etter behov.
- Investeringsrekneskapet har i utgangspunktet et underforbruk på ca 1 mill. Dette er brukt til å dekke opp meir kostandar i drift med vedlikehald av bygg og anlegg. Driftsavdelinga har fått lenge etterlengta ny fagarbeidar og har gjennomført mange viktige prosjekt i løpet av året. Dei er den einaste eininga som har brukt meir enn budsjett. Det er gjort for å få unna viktig nødvendig oppdragering og vedlikehald. Varig driftsnivå må vurderast etter behov kvart år.

Vesentlege avvik frå kommunestyret sine premissar for bruk av økonomiske midlar

Ingen vesentlege avvik. Eit meirkjøp av aksjar for ein symbolsk sum i MET-senteret burde vore tatt opp i kommunestyret. På grunn av ferie og frist for tilbakemelding, vart dette gjort av ordførar og kommunedirektør og orientert om til politisk nivå i etterkant. Me har vore med og etablert dette selskapet og det er svært viktig for utvikling og testing av flytande havvind.

## 9. Sjå framover! Kva blir viktig?

- Oppretthalde og utvikle det gode tenestetilbodet innan pålagde kommunale oppgåver som helse, omsorg, skule, barnehage, bibliotek – for dei innbyggjarane me har til ei kvar tid
- Stabilisere og auke folketalet - nedgang på 8 i 2021. Rekruttere nye innbyggjarar som er med og skaper det framtidige trivelege og berekraftige Utsira. Behalde innbyggjarar inkludert tilsette i kommunen som i mange år har vore er den største arbeidsgjevaren - gje kvarandre raust med humor og energi og få kvarandre til å trivast
- Vedlikehalde og auke trivsel, samarbeid og effektivitet internt i kommuneorganisasjonen på tvers av avdelingar og fag
- Bygge tillit og samarbeid mellom kommuneorganisasjonen og det samla Sira-samfunnet inkludert deltidsinnbyggjarar
- Gebyr for avløp, renovasjon og vatn, dekkjer ikkje sjølvkost. Samla avvik er omlag 250 000 kr.
- Skape nye arbeidsplassar som kan rekruttere nye innbyggjarar, inkludert å få til lokal verdiskaping av Utsira Nord.
- Redusere person-sårbarheit internt i kommuneorganisasjonen – generelt men særleg på IT og økonomi
- Halde fram med å skaffe eksterne midlar til finansiering og samtidig få til god gjennomføring av eksternstøtta prosjekt
- Få god framdrift i overordna planarbeid, oppdatere og forenkle delplanar og temaplanar inkludert kommunikasjonsplan m/ digitaliseringsstrategi og forenkla internkontrollplan.
- Halde fram med å prioritere høgt arbeid med å få lokale gevinstar og minst mogleg negative verknader av havvindpiloten Utsira nord, inkludert trafo, eigedomsskatt, vedlikehaldsbase og følgeforsknings-senter
- Halde fram med å nytte PhD og Masterstudentar som ein del av vårt utvida nettverk for forsking, utvikling, nettverksbygging og rekruttering

23.april 2022

**May Britt Jensen**

Kommunedirektør

Utsira kommune